



Budsjettrapport

2. tertial 2024

Innhald

Innhald.....	2
Innleiing	3
Rekneskapstal per 31. august.....	4
Prognose for året.....	4
Helse og omsorg	8
Oppvekst og kultur	12
Samfunnsutvikling og drift	16
Administrasjon m.m.	20
Verbale føringar.....	23
Vedtaksoppfølging politiske saker.....	25

Innleiing

I tertialrapporten rapporterer me økonomisk situasjon, framdrift i arbeidet med vedtekne mål, sjukefråvær, iverksetting av verbale føringar og vedtaksoppfølging. Dette gjev ei samla tilbakemelding til kommunestyret på sentrale delar av styringsdokumenta, og viser meir av arbeidet i organisasjonen med både ordinær drift og omstilling.

Kommunestyret vedtok eit budsjett for 2024 med 1,6 mill. i underskot. Nøkkeltalet er 1 % av brutto driftsinntekter. På grunn av ujamn utbetaling frå havbruksfondet, skulle overskotet i 2024 vore ca. 8 mill. Vedtak om revidert budsjett i juni svekka resultatet til 3,8 mill. i underskot. I sak 67/24 i formannskapet om søknad frå Dåfjorden barnehage AS om dekking av lønskostnadene, vart underskotet auka med 136 000,-.

Den nasjonale skatteinngangen er vesentleg lågare enn venta, dette slår inn i føresetnadene for budsjett 2024 då Fitjar vert ramma av dette gjennom ordninga med skatteutjamning. Det er signalisert frå regjeringa at noko av fallet i skatteinntekter vert kompensert i nysalderinga som vert gjort i desember kvart år, det er ennå uklart korleis dette vil slå ut.

Med utgangspunkt i auka inntekter frå Havbruksfondet og forventa kompensasjon for svak skatteinngang er det grunn til å tru at endeleg resultat for 2024 vil vera innanfor dei budsjetterte økonomiske rammene. Ei utfordring i 2024 er at det er store utfordringar knytt til tilgang til kvalifisert personell, dette er ei finansiell og operasjonell risiko både for 2024 og vidare fram i 2025.

I samband med overgang til ny kommunedirektør kan det vera litt utfordringar i vekslinga som gir noko mangelfull rapportering i denne tertialrapporten.

Regnskapstala vert kommentert på kvar etat og eining.

Rekneskapstal per 31. august

2. tertial 2024 - Inntekter				
Ansvare	Forbruk	Per. Bud.	Avvik	Budsjett
Frie inntekter	-175 560	-175 571	-11	-281 597
Finans	16 125	15 707	-418	21 046
Motpost avskrivningar	0	0	0	-15 873
Disposisjonar	-296	0	296	-4 166
Sum	-159 731	-159 865	-134	-280 591

Stor skattesvikt på landsbasis vil føre til svikt i frie inntekter i 2024.

2. tertial 2024				
Ansvare	Forbruk	Per. Bud.	Avvik	Budsjett
Helse og omsorg	99 633	101 764	2 131	131 663
Oppvekst og kultur	66 310	66 148	-162	104 849
Samfunnsutvikling og drift	10 753	11 088	336	34 015
Politisk leiing	2 545	2 566	21	7 381
Administrasjon	12 997	13 032	35	16 328
Økonomisk forvaltning	-4 689	-5 821	-1 132	-13 635
Sum	187 549	188 778	1 229	280 601

Prognose for året

2. tertial 2024	
Ansvare	Prognose avvik ved årsslutt
Inntekter	2,5 mill.
Helse og omsorg	2,1 mill.
Oppvekst og kultur	1,0 mill.
Samfunnsutvikling og drift	0
Politisk leiing	0
Administrasjon	0
Økonomisk forvaltning	0
Sum meirforbruk	5,6 mill.

Mål i kommuneplanen 2020-2040

Kommunestyret vedtok 30.09.20 Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040.

- Måla i ny kommuneplan er førande for mål og strategiar i økonomiplanen
- Måla må ha styringskraft, og organisasjonen gjennomgå djupare endringar i tråd med desse.

Rapportering skjer i tertialrapportane til kommunestyret. Eit oversiktleg rapporteringssystem skapar etterspurnad etter resultat, og vil hjelpe til med å halda retning og tempo i organisasjonen sitt arbeid.

Kommuneplanen (*sitat*) løftar fram brukarperspektivet og dette er ein av nøklane til å lukkast i omstillingsarbeidet i kommunen:

Fokus på brukaren sine ressursar

Kvalitet skal prege alle tenester. I all tenesteyting vil me leite etter brukaren sine eigne ressursar, også i familie og nettverk. Ved å fokusere på brukaren sine ressursar får ein ei langt meir aktiv brukarrolle, og ein aukar samspelet med brukaren og den sitt nettverk. Slik kan fleire ressursar mobiliserast og fungere målretta saman. Eit ressursorientert brukarperspektiv tyder også at ein fokuserer på brukaren sine sterke sider. I den aldrande befolkninga er det vesentlege menneskelege ressursar som ein må nyttiggjere seg.

Me vil jobba tverrfagleg med tidleg innsats i alle aldersgrupper, og utvikle verknadsfulle arbeidsmetodar slik at kommunale tenester bidreg til å utjamna sosiale skilnader og uønskt ulikskap i befolkninga. Eit ressursorientert brukarperspektiv skapar meir jamvekt mellom brukaren og tenesteytaren som gjer gjensidige forventingar mogeleg.

I framtida vil ein måtte ivareta individuelle behov og retter, ved bruk av meir allmenne eller fellesskapsorienterte og kostnadseffektive arbeidsformer. Eksempelvis frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, utvikling av lågare trinn i omsorgstrappa. Kommunen må jobba førebyggjande og med dynamisk innsats.

Med utgangspunkt i eit folkehelseperspektiv vil me leggja til rette for eit mangfold av tilbod om deltaking, aktivitet og opplevelingar for alle aldersgrupper. Det utviklar meistring og sosiale fellesskap.

Tverrsektorielle mål:

Rapportering skjer med kursiv skrift.

Fitjar kommune skal digitalisere i alle sektorar for auka kvalitet, effektivisere og for å møta rekrutteringsutfordringa.

- Vert rapportert i den einskilde etat

Kompetente og engasjerte medarbeidarar er vår største ressurs

- Vert rapportert i den einskilde etat

Bygge partnarskap mellom kommunen og omgjevnadane – kapasitetsbygging

Attraktive Fitjar - Tettstadsutvikling, miljø- klima- og næringsutvikling.

- Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester
*Etablert "Aktive saman" som paraply for rekke samarbeid for sosialt og fysisk aktivitet blant eldre, kommunale tenester, Fitjar frivilligsentral og Fitjar Vidaregåande skule, og Fitjar frivilligsentral og institusjonskjøkenet.
4-årig samarbeidsavtale mellom Fitjar kommune og Fitjar frivilligsentral er operativ.*
- Selskapet "Fitjar Utvikling AS" skal fremja og bidra til å realisere allmennyttige investeringar som byggjer Fitjar sin attraktivitet.
Kommunestyret vedtok i sak 15/24 å avvikle selskapet, dette målet vert såleis ikkje rapportert vidare.

Klima- og miljømål

Fitjar commune som organisasjon skal kutte sine klimagassutslepp med 70% innan 2030	Etablere klimatiltak i eigen organisasjon innan fornybar energi, bygg, VAR og transport, innkjøp og mat. Klimamål- og tiltak i sentralt planverk. <i>Kommuneplanen sin samfunnsdel styrer ulike temaplanar.</i>
Fitjar kommune skal vera fossilfri innan 2030 (med unntak av brannbilar)	Elektrifisere/utsleppsfree transport i kommunen si eiga drift. <i>10 av 15 bilar utanom brannbilar er el-bilar.</i> Det vert arbeidd med resertifisering innan Miljøfyrtårnordninga.

Nærvar og sjukefråvær

- Måltal for sjukefråvær er 7,5 % totalt i kommunen.

Fitjar kommune vil arbeide for ein reduksjon av sjukefråværet med 10 % i kvar eining frå 2023 til 2024, målet vert vidareført i verksemda sine nye HMT mål. Det skal ein få til gjennom eit systematisk HMT-arbeid som skal førebyggje fråværet, samt aktivt ha tett oppfølging av sjukemeldte og god dialog med leiarane.

Per andre tertial 2024 er sjukefråværet 10,9 prosent, der 2,0 prosentpoeng er korttidsfråvær under 16 dagar og 8,9 prosentpoeng er langtid. Det er ein reduksjon i sjukefråværet samanlikna med 1.tertial 2024, men framleis er fråværet 1,3 prosentpoeng over samanlikna med same periode i 2023.

Det vert jobba aktivt med oppfølging av dei tilsette dette gjeld, og me har tru på at sjukefråværet vil normalisere seg i løpet av 2024 i nokre av etatane. Det er ei urovekande trend i Noreg med eit stadig aukande sjukefråvær, og Fitjar kommune føl same trenden som resten av kommunane. SSB sin statistikk for KS syner eit legemeldt sjukefråvær i kommunar på 8,5 prosent per 2.kvartal. I same periode er det legemeldte sjukefråværet i Fitjar kommune 10,0 prosent.

I Helse og omsorg er sjukefråværstala framleis høge, og me ser ein negativ trend i både Oppvekst og Samfunnsutvikling og drift. Rekruttering er ei stor utfordring, til tross for at tiltak som vikarpool er teke i bruk. Fleire einingar har over lang tid hatt langtidssjukemelde og ufrivillig vakante stillingar; det er ei ekstrabelastning som er vanskeleg å avlaste.

AMU gjorde i august vedtak om å starte eit sjukefråværsprosjekt i heile kommunen. Arbeidet med å etablere ei partsamansett arbeidsgruppe er i gang, og ein vil i prosjektet retta merksemda både mot einingar med høgt sjukefråvær, men også for å finna riktige tiltak for å halde dei som er på jobb friske og hindre nye sjukemeldingar.

Etat	T2* 2024	T2* 2023	Differanse
Helse- og omsorg	12,6 %	15,1 %	-2,5 %
Oppvekst, kultur	7,6 %	6,2 %	1,4 %
Samfunnsutvikling og drift	19,2 %	6,3 %	12,9 %
Administrasjon og politikk	7,9 %	1,8 %	6,1 %
Samla	10,9 %	9,6 %	1,3 %

* Tal er per 2.tertial

Helse og omsorg

2. tertial 2024				Budsjett	Nr.
Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik		
Helse og sosial	10 733	11 464	731	17 825	1
Institusjon	21 016	20 767	-248	32 440	2
Heimetenester	15 241	14 278	-962	22 328	3
Habilitering	38 782	38 383	-399	33 723	4
Helsespesialistar	7 941	8 528	587	12 518	5
NAV	5 920	8 343	2 423	12 830	6
Sum	99 633	101 764	2 131	131 663	

- I sak PS 16/2024 i kommunestyret datert 14.03.2024, vart det gjort vedtak på at Fitjar kommune skulle ta imot 25 Ukrainske flyktningar i tillegg til dei 24 flyktningane som ein har busett frå tidlegare. Dette var fem meir enn kva kommunen vart oppmoda til. Pr. i dag har kommunen busett 14 flyktningar og fått meldt inn 6 som er tildelt, samt ein alternativ busetting. Kommunen har klart å skaffe bustadar til disse. Kommunen har dermed per i dag fire flyktningar som ikkje er tildelt enda. Det som utfordrar oss i busettinga er å finne ledige bustadar.
- Det vart i budsjettet for 2024 lagt inn ei styrking med 1.5 mill. på legesenteret. Styrkinga innebar; kommuneoverlegestillinga auka med 30 % stilling, ei 100% stilling fastlege og ei 80 % stilling hjelpepersonell, med iverksetjing ila av 1. halvår. Grunna utfordringar med rekruttering av fastlegar vart det lagt fram ei ny sak PS 17/24 i kommunestyret, datert 14.03.2024, "Ny organisering av fastlegeordninga i Fitjar kommune". I saka vert "Fitjar modellen" utgreidd. Det vart vedteke at fastlegeordninga vert styrka med to 100 % fastlegeheimlar og ei 30 % stilling til laboratorie- og helsepersonell. Kommunen har lykkast med å rekruttere tre legar i rotasjonsturnus, men har enno ikkje klart å rekruttere to fastlegar med ordinær arbeidstid. Legekontoret har difor lagt inn plan ut året med å nytte ein vikarlege gjennom byrå for å oppretthalde ei forsvarleg legedrift.
- I sak PS 34/24 i kommunestyret datert 02.05 "Fitjar kommune manglar avlastningstilbod for barn og unge", vart det gjort eit vedtak på at Fitjar kommune skulle gå i dialog med nabokommunar for å sjå om dei hadde ledig kapasitet til å selje avlastningstilbod til Fitjar kommune. Det vart i revidert budsjett lagt inn kr 500 000,- til dette tiltaket. Fitjar kommune har sendt førespurnad og avventar no svar i nær framtid. Tiltaket er føreslege vidareført i budsjett for 2025.
- Slik prognosen syner vil etaten kome ut med eit meirforbruk på omlag 2,1 mill. i laupet av året. Meirforbruket ligg i hovudsak til meirforbruk til innleige av sjukepleiar gjennom vikarbyrå. Slik situasjonen er i dag, må eininga pleie og omsorg leige inn seks sjukepleiarar fram til me får rekruttert inn i ledige stillingar, grunna vakante stillingar, eit stort sjukefråvær og vanskar med å få tak i vikarar.

1. Ansvar Helse og sosial, mindreforbruket skuldast:
 - a. Det er ikkje ført utgifter til barnevernet for august.
 - b. Det er ikkje ført utgifter til brukarstyrt personleg assistanse (BPA-vedtak) for juli og august.
 - c. Kommunen har ikkje fått kjøpt plass til avlastningstilbod for born.
 - d. Vil ha eit mindreforbruk på omlag kr 200 000,-.

2. Ansvar Institusjon, meirforbruket skuldast:
 - a. Periodisering: Heilagdagstillegg, lisenskostnadar og etterbereking av vederlag for opphold i institusjon.
 - b. Mindreforbruk på lønsutgifter.
 - c. Større refusjon på sjukefråvær.
 - d. Kjøp av vikarar gjennom vikarbyrå, 3 sjukepleiarar frå og med juli.
 - e. Kjøp av sjukeheimspllass
 - f. Vil ha eit meirforbruk på årsbasis på omlag kr 1,5 mill.

3. Ansvar Heimetenester, meirforbruket skyldast:
 - a. Periodisering: Heilagdagstillegg, lisenskostnadar.
 - b. Mindreforbruk på lønsutgifter
 - c. Mindreinntekt sjukerefusjon
 - d. Kjøp av vikarar gjennom vikarbyrå, 3 sjukepleiarar frå og med juli.
 - e. Vil ha eit meirforbruk på årsbasis på omlag kr 1,6 mill.

4. Ansvar habilitering, meirforbruket skyldast:
 - a. Periodisering: Heilagdagstillegg og lisenskostnadar.
 - b. Meirforbruk på sjukevikar og overtid.
 - c. Vil ha eit meirforbruk på omlag kr 200 000,-.

5. Ansvar helseespesialistar, mindreforbruket skyldast:
 - a. Periodisering: lisenskostnadar.
 - b. Tildelt tilskot for "styrking av legevakt i distriktskommunar".
 - c. Ikkje ført HELFO-tilskot for kommunal tilsett fysioterapeut.
 - d. 20 % stilling i psykisk helse skal belastast med tilskot som ein har tildelt jf oppvekstreform
 - e. Tenesta vil ha eit mindreforbruk på omlag kr 400 000,-.

6. Ansvar NAVMindreforbruket skyldast:
 - a. Eininga har fått tilskot på om lag 700 000,- til ei stillingar som går over heile året.
 - b. Det er ikkje betalt for statlege kostnadar til husleige, straum, drift og leiar i 3. kvartal.
 - c. Mindre forbruk i Introduksjonsordninga, då det er færre flyktningar i programmet 1. halvår, dette vil jamne seg ut i haust.
 - d. Vil slik prognosene syner vil tenesta ha eit mindreforbruk på omlag kr 600 000,-.

Investeringar			
2. tertial 2024			
Helse og omsorg	Status	Bruk 1T	Ramme
Velferdsteknologi	Starta	221	540
Startlån		2 000	4 500
Sum Helse og omsorg		2 221	5 040

Investering i velferdsteknologi viser eit forbruk i 2024 på kr 221 000,-, dette er midlar som skulle vore nytta i investering for 2023. Det vart i revidert budsjett bevilga kr 300 000 til å kjøpe inn til innkjøp av "Corpus", (hjartestartar som har moglegheit for å måling av EKG og som kan styres manuelt og gje sjokk manuelt). Utstyret er i bestilling.

Det vart i revidert budsjett lagt inn ei ekstra ramme på 2.5 mill. til startlån.

Anna

I 2. tertial ligg samla sjukefråvær på 12,6 % i etaten, mot 15.1 % i same periode i 2023. Dette er ein nedgang på 2,5 %. Avdelingar med heildøgnbemannning har enno stabilt høgt fråvær. Her varierer det mellom 13,9 % i heimebaserte tenester, til 19,6 % i habiliteringstenesta. Einingane har hatt store utfordringar med å skaffe vikar både til kortvarig- og langvarig fråvær, samtidig som fleire helgestillingar har vore vakante, noko som fører til meirbelasting på den enkelte tilsette.

Den største belastninga er per i dag i heimesjukepleia og somatisk avdeling på sjukeheimen. Det vert stadig meir krevjande brukarbehov med store medisinsk faglege prosedyrar. I heimesjukepleie er ein i dag bemanna med to personar på dag, og ein på kveld. Med stort vedvarande sjukefråvær og vanskar med å skaffe kvalifisert personell, gir meirarbeid i tillegg til at tilsette kjenner på ansvar til å strekke seg til å jobbe ekstra/overtid.

Det vart våren 2023 sett inn tiltak med vikarpool for å redusere belastninga på tilsette ved fråvær. I perioden har ein erfart at vikarane gjekk rett inn i langtidsfråvær og effekten med mindre arbeidsbelastning ved kortare fråvær har ikkje vore merkbar. Det vart tilsett fire personar i vikarpoolen, der av to sjukepleiarar og to helsefagarbeidarar. I dag er det ein helsefagarbeidarar som er i vikarpool. I tillegg har ein frå mars sett det som heilt naudsynt å gå i dialog med vikarbyrå for å ha ein forsvarleg sjukepleiardekning i heimebaserte/sjukepleiartenesta og sjukeheimen.

Skal pleie og omsorg klare å arbeide målretta med nedgang i sjukefråvær er det heilt nødvendig at grunnbemanninga er på plass, for å redusere på arbeidsbelastninga. Det er ei arbeidsgruppe som er starta å sjå på moglegheita å tenkje nytt kring rekruttering, behalde og utvikle helsepersonell.

På trass av eit stort press på tenestene må det peikast på at det kvar dag vert gitt gode tenester til innbyggjarane våre av dyktige helsepersonell og leiarar som står på kvar dag.

Mål for etaten Helse- og omsorg:

Digitalisering

- Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester:
- *Bruk av omsorgsteknologi skal bidra til å trygge og tilpassa tenester og føre til at innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu i eigen heim.*
Ein arbeidar med implementering av måla i plan for digitalisering i helse- og omsorg:
 - *Det er tatt i bruk medisindispensere, GPS.*
 - *Det vert no arbeida med implementering av kjernejournal.*
 - *Pleie og omsorg har tatt i bruk digitalt lager.*
 - *Dei fleste tenestene er no gått over på mobil pleie.*

Kompetanse og måloppnåing

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene:
Ein tilsett starta hausten 2021 på master i avansert klinisk allmennsjukepleie, venta ferdig våren 2025.

*Fem personar har i 2024 starta opp i velferdsteknologien ABC.
For å finansiere utdanninga søker kommunen etter kompetansemidlar frå Statsforvaltaren i Vestland.*

- Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane:
Pleie og omsorg starta opp med vikarpool våren 2024, der ein lyste etter fire personar i vikarpool. Det vart tilsett to sjukepleiarar og to helsefagarbeidrarar. I dag har pleie og omsorg ein helsefagarbeidrar i vikarpool og manglar tre tilsette i vikarpoolen.

Helse- og omsorg

- Auka innsats på førebygging, eigenmeistring og aktivitet for å motverkar passivitet og einsemd, og slik bidra til at innbyggjarane i kommunen har mindre behov for helse- og omsorgstenester:
Her under kjem tiltak under "Aktive saman", med måltidsfellesskap og trim. I samarbeid med frivilligheita, Fitjar vidaregåande, heimetenesta og institusjonskjøkenet.
- Ny dimensjonering av dei øvste trinna i omsorgstrappa: Omsorgsbustad – døgnbemanns omsorgsbustad – institusjon, dette vil gje reduserte kostnadene i helse- og omsorgstenestene.
- Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, betra levekåra til sårbare familiær, barn og unge og hindre utanforskap.
Etablerte og nye prosjektsatsinger pågår. "Laget" har i perioden stort sett hatt einetiltak for enkelt personar som vert følgt opp. Tiltaket tilpassar seg behovet som til ei kvar tid er gjeldande. Frå 01.07.23 trådde ungdomsgarantien i NAV i kraft. Ungdomsgarantien skal i hovudsak sikre at ungdom som ikkje er klar for arbeid skal få tett og tidleg oppfølging og får tildelt ein kontaktperson i NAV. Laget ivaretake disse ungdommane, med mål om at dei skal kome i arbeidretta aktivitet, utdanning eller jobb.
- "Ungdomskoordinator" starta hausten 2021, og vidarefører noko av NAV i vidaregåande skule. Ungdomskoordinatoren har ansvar for ungdom som står langt frå jobb og treng tett oppfølging.
- *Miljørettleiar ny prosjektstilling som starta i 2023, her er det eit tett samarbeid mellom NAV-Fitjar og Rimmereid skule. Ved skulen jobbar miljørettleiar både på individ og systemnivå for å vera med å skape ein trygg og god skulekvardag for alle og har tett samarbeid med LOS-koordinator og skulehelsetenesta.*
Vedkommande som var tilsett i denne prosjektstillinga sa opp stillinga i vår, og stillinga er no lyst ut.

Oppvekst og kultur

2. tertial 2024						
Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik	Budsjett	Nr.	
Skule- og oppvekstadm.	16 299	17 323	1 024	26 381	1	
Rimbareid skule	31 228	29 556	-1 672	45 717	2	
Øvrebygda skule	5 440	5 789	349	9 085	3	
Selevik skule	3 297	3 165	-131	4 694	4	
Fitjarstølane barnehage	7 385	7 893	507	15 148	5	
Kultur	2 661	2 422	-239	3 825	6	
Sum	66 310	66 148	-162	104 849		

- Det har vore stor auka bruk av overtid på skulane grunna utfordringar med å rekruttera vikarar, spesielt i vinter. Det har ført til auka av vikarutgifter, men det er no betra kontroll på denne situasjonen.
 - I T1 vart det rapportert om sjukmeldingar som auka som følgje av forhold på arbeidsplassen. Dette ser ein at har gått ned no, og at fråværssstatistikken går i riktig retning. Det skyldast i stor grad tiltak som er sett inn der det har vore naudsnyt.
 - Det var ei markant auke i avviksmeldingar i løpet av hausten 2023 og vidare inn i første halvdel av 2024. I haust har det òg vore mykje avviksmeldingar, men tiltaka gjer at personalet er meir sikra (to i situasjonar). Det skyldast i stor grad tiltak som er sett inn der det har vore naudsnyt (same som punktet over).
 - Uro i Fitjarskulen (verbal føring des. 2023) - tiltak er sett inn med ei kostnadsramme på 511 000,- første halvår av 2024. Det har ikkje vore mogleg å ta ned den aktiviteten i andre halvdel av 2024, noko som òg heng saman med punkta over.
 - Tiltak som er sett i gang opp mot enkeltelevar har ført til ein betra situasjon for barn og tilsette.
 - Stillinga som psykolog står vakant grunna vanskar med rekruttering. Det skulle vore utlysing no, men i revidert er det spelt inn at det ikkje vert vurdert i år grunna meirforbruk innanfor oppvekst.
 - Frå 01.08.2024 vart det innført 12 t gratis kjernetid i SFO ordninga pr veke også for elevar i 3. klasse. Revidering av vedtekter vart gjort juni 2024.
 - Me har starta opp to nye barnehagar i kommunal regi. Dei to barnehagane er begge med friluftsprofil, Fitjar naturbarnehage og Dågfjorden naturbarnehage. Det er spesielt krevjande i den minste av barnehagane med tanke på økonomi. Dette skyldast høg leige og høg bemanning i forhold til tal på barn. Me har fått gode tilbakemeldingar frå born og føresette på oppstart og drift så langt.
1. Ansvar skule og oppvekstadministrasjon, mindreforbruket skuldast:
 - a. Tilskot til private barnehagar er noko lågare enn budsjettert.

- b. Statleg tilskot frå familiedirektoratet som gjeld 2023.
- c. Kjøp av tenester frå andre kommunar/private som ikkje er periodisert.
- d. Høgare refusjonar frå andre kommunar

Meirforbruk:

- a. Vaksenopplæringa manglar nær 500 000,- i refusjonar

2. Ansvar Rimbareid skule, meirforbruket skuldast:

- a. Tiltak kopla opp mot einskildelever på skule og SFO .
- b. Større og fleire vedtak om individuelt tilrettelagd undervisning og personleg assistanse i haust ved skulestart.
- c. Store vikarutgifter og mykje bruk av overtid grunna sjukdom førre vinter.
- e. Sjukevikarbudsjett står ikkje i forhold til tal på tilsette i SFO.
- f. Auke i tal på barn i SFO med gratis kjernetid
- g. Kostnad til leirskule som me ikkje får tilskot for lengre.

3. Ansvar Øvrabygda skule, mindreforbruket skuldast:

- a. Meir i refusjon enn vikarutgifter.
- b. Generelt lavt forbruk på forbruksmateriell, men det vil utlikna seg i løpet av året.

4. Ansvar Selevik skule, meirforbruket skuldast:

- a. Vikarutgifter og bruk av overtid grunna sjukdom

5. Ansvar barnehage, mindreforbruket skuldast:

- a. Utlikna foreldrepengar refusjon.
- b. Mindre lønsutgifter i Dåfjorden enn budsjettet.
- c. høgare foreldre/sjukepengerefusjonar enn vikarutgifter.
- d. Noko høgare brukarbetaling enn budsjettet.
- e. Mindre refusjon til private barnehagar (§37 vedtak)
- f. Generelt lavt forbruk på materiell.
- g. Balanse på årsbasis.

6. Ansvar kultur, meirforbruket skuldast

- a) Periodisering av tilskot til lag og organisasjonar, samt husleige
- b) Er om lag i balanse på årsbasis.

Investeringar			
2. tertial 2024			
Skule og barnehage	Status	Bruk 1-2T	Ramme
IKT skule	Starta	883	900
Sum Skule og barnehage		883	900

Kultur og idrett	Status	Bruk 1-2T	Nettoramme
Sklieprosjekt Dåfjorden *	Starta	85	250
Leikeapparat Øvrebygda			150

Nye scenelys + mixar FKIB			485
Sum Kultur og idrett	85		885
Fullføring 2023-prosjekt	Status	Bruk 1-2T	Nettoramme
LED-lys kultursal E-sport	Fullført Fullført	513 5	555

* Samleposten «Idretts og friluftsliv»

Anna:

Sjukefråværet innan oppvekst og kultur har auka frå 5,2 % i T2 2023 til 7,59% i T2 2024, men likevel ned frå 8,4 % i T1 2024. Dette er over målet på under 7,5 % i kommunen, og i tillegg langt over målsetning for etaten på 6%. Det er spesielt langtidsfråværet som har auka, og noko av fråværet må sjåast i samband med forhold på skulen. Målet er likevel at etaten skal ha eit sjukefråvær som er under 7 % ved årets utgang.

Samtidig er det viktig å framheva den gode jobben dei ulike leiarane har utført i ein periode som har vorte opplevd som ekstraordinær på mange nivå.

Mål

1. Med ei betre tilpassa opplæring, ei tydeleg konkretisering av innhaldet i st. melding 6 og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å redusera behovet for spesialundervisning til 7 % i planperioden.
2. Gjennomføra implementeringsplanane for utviklingsarbeid i barnehage og ved skulane i nært samarbeid med HVL.
3. Auka læringsutbytte. Heva verdiane slik at verdiane ligg minimum på nasjonalt nivå målt på prøvar på 5., 8. og 9. trinn.
4. Heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad i elevundersøkinga til eit snitt som ligg minimum på nasjonalt nivå. Dette som ein faktor for å betra læringsutbyte.
5. "Fitjar for alle". Sikra sosial utjamning for barn og unge.
6. Arbeid med å implementere tiltaksoversikt over tenester for barn og unge (BTI).
7. Lage ny leseplan for kommunen
8. Lage overgangsplan for barnehage til skule/SFO
9. Innføra ferieopen SFO i skuleåret 2024/25 som eit eittårig prosjekt
10. Gje tett og tverrfagleg oppfølging av gravide med særskilte behov.
11. Styrke og utvikle tverrfagleg samarbeid med barnehage og skule, både på system- og individnivå.
12. Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla- og etablera nye aktivitetar for både ungdom og eldre som gjev meistring, opplevelingar og sosiale fellesskap.

Iverksetjing:

1. Tal på elevar med spesialundervisning har stige i løpet av skuleåret, og i tillegg har nokre vedtak auka i omfang. Talet har gått opp frå 6,8 % i 2023 til 9 % våren 2024.
2. Vert gjennomført etter planen.
3. Tilstandsrapport 2023/24 vart lagt fram hausten 2024. Læringsutbyte for nasjonale prøvar er svært bra dette året på 9. trinn, men ligg under landssnittet for dei andre trinna. Har ikkje nådd målet. Nye nasjonale prøver er no gjennomførte, og me meiner det bør vera forbetring frå prøvene i fjar. Det er vel så viktig å sjå at det er rett utvikling ut frå førre gong trinnet tok prøvene på dei nasjonale prøvene, enn om me ligg over landssnittet.
4. I fjar viste elevundersøkinga at me låg litt under landssnittet med tanke på trivsel, motivasjon., meistring og elevmedverknad. Då hadde det vore ein stor framgang, og i år er nedgangen desto større på desse områda, spesielt i forhold til trivsel.
5. Fritidskassen vert nytta til å støtta familiar med økonomisk støtte til m.a. Fritidsaktivitetar, men i år måtte me betala tilbake delar av tilskotet me hadde fått fordi det i folkehelseprofilen ikkje viser store nok forskjellar i kommunen.
6. BTI med tiltaksoversikt over tenester for barn og unge er ferdig, utvikla og lansert.
7. Lesoplanarbeidet er påbyrja. Det er laget arbeidsgruppe som har starta arbeidet, men vart utsett grunna barnehagesaka. Reknar med å få fullført planen i løpet av skuleåret 2024/25.
8. Overgangsplan for barnehage til skule/SFO er revidert, og dei nye tiltaka er sett i verk frå våren 2024
9. Ferieopen SFO i skuleåret som prøveprosjekt vert starta for skuleåret 2024/25 som eit eittårig prosjekt. Det er haustferie, vinterferie og veka etter skuleslutt 2025 kor det vert tilbod om SFO. De
10. Jordmor var på plass i fjar, og tenestene er godt etablerte i kommunen.
11. Styrking og utvikling av tverrfagleg arbeid mellom helsestasjon, skule og barnehage er etablerte, og utviklar seg vidare. Sjølv om me har god dekning ut frå normtal, opplever me at tenesta er meir etterspurt.
12. Arbeidet med å vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag, organisasjonar og kommunale tenester er under utvikling. Samarbeidet med frivilligsentralen er svært godt.

Samfunnsutvikling og drift

2. tertial 2024						
Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik	Budsjett	Nr.	
Plan, byggesak og oppmåling	656	946	291	1 643	1	
Drift og vedlikehald	9 563	11 820	2 257	26 350	2	
VAR	-5 379	-5 916	-537	-3 542	3	
SFLMK	2 550	1 871	-678	3 949	4	
Brann og feiarvesen	3 363	2 367	-996	5 613	5	
Sum	10 753	11 088	336	34 015		

Konklusjon: Ubalansen skuldast i hovudsak lågare gebyrinntekter og auka utgifter knytt til eit stigande tal aksjonar og naudsynt vedlikehald hjå brannvesenet.

1. Ansvar Plan og byggesak og oppmåling, mindreforbruk skyldast:

Gebyrinntektene på oppmålingssaker er kring 300 000,- høgare enn forventa, då 400 000,- av gebyra ført på 2024 skulle ha vore fakturert i 2023. Gebyrinntektene på plansaker er kring 250 000,- lågare enn budsjettet i andre tertial. For byggjesaker er det omlag 560 000,- lågare enn budsjettet. Mange av reguleringsplanane som er under handsaming er allereie fakturert for. Det er ikkje mogleg å føreseia tal byggje- og plansaker som kjem inn i løpet av eit år. Kostnadane knytt til kjøp av karttenester, i alt omlag 770 000,- er inntil vidare ført på oppmåling, men dette skal seinare fordelast også på andre einingar. Årsaka til det positive avviket er at mesteparten av summen avsett til rullering av KPA ikkje er nytta.

2. Ansvar Drift og vedlikehald, mindreforbruk skyldast.

Resultatet i andre tertial er positivt på grunn av ekstraløyvinga for reparasjon av taket på Rimbareid skule pr kr. 2 400 000,-. Det er ikkje påløpt kostnad med taket enno. Det store mindreforbruket på skule i perioden skuldast i hovudsak dette. Enkelte tiltak har gjeve større utgifter enn vanleg. Dette er m.a. vinterdrift, som i 2024 har vore høgt på grunn av snørik vinter. Prosjekteringskostnadar i samband med reparasjon av Gamle Vestbøstadvegen er ført i drift, og er ikkje budsjettet med. Det er gjennomført visse tiltak knytt til kommunale vegar som har vore utsett i fleire år, slik som tömming av sandfang.

3. Ansvar VAR, meirforbruk skyldast:

Det negative avviket per 2. tertial skuldast lågare gebyrinntekter enn budsjettet. Dette er gebyra for Kråko, som ikkje har vore fakturert enno. Summen vert fakturert i oktober.

4. Ansvar SFLMK, meirforbruk skuldast:

Gjennomføringa av sitkagranprosjektet på Siglo med kring 800 000,- som budsjetttramme medfører at det framstår som meirforbruk i andre tertial. Tilskotet utbetalt frå Statsforvaltaren kom inn i 2023, men utgiftene i prosjektet er ført på 2024. Prosjektet er fullfinansiert med tilskott frå Statsforvaltaren.

5. Ansvar Brann- og feiarvesen, meirforbruk skuldast.

Det er betydeleg meirforbruk knytt til lønsutgifter, ca. 680 000,-. Tal aksjonar er stigande. Visse aksjonar har kravd mykje ressursar. Det gjev merkbart utslag på driftsutgiftene. Naudsynt og uplanlagd vedlikehald knytt til utstyr og køyretøy har medført auka utgifter. Også utvikling av naudnett (uvarsla nasjonalt prosjekt) har medført kostnadane. Det er budsjettet med inntekter på ca. kr 120 000,-, men det er ikkje ført inntekter per andre kvartal.

Anna:

Sjukefråværet på etaten er høgt hittil i år. Fråværss prosent for langtidssjukemelde er 16,93% for etaten samla. Innan VA og brannvesenet er langtidssjukefråværet under 0,5%.

Investeringar 2. tertial 2024			
Bygg og veg	Status	Bruk 1-2T	Ramme
Leirpollvegen	Starta		12 000
Kunstgrasbane		140	4 000
Tilstandsanalyse		859	1 400
Ventilasjon Rimbareid	Ikkje starta		3 000
Lampar			1 100
Bil driftsleiar	Ikkje starta		750
Reinhalldsutstyr		148	220
Barnehage		1 476	1 600
Veg	Ikkje starta		1 000
Trafikksikring	Ikkje starta		300
Oppvekstsenter Øvrebygda			800
Veg Vestbøstad			2 000
Nye Fitjarstølen barnehage		562	1 200
Bustad habilitering			250
Kjøp omsorgsbustad		961	1 000
Sum Bygg og veg		4 144	30 620
VAR	Status	Bruk 1-2T	Nettoramme
Vassverk	Starta	582	2 000
Sanering avlaupsleidning Fitjarelva	Starta	31	4 000
Småanlegg vatn	Starta	307	500
Småanlegg avlaup	Starta	125	500
Silanlegg (mellombels)	Starta	182	1 000
Sum VAR		1 227	8 000
Brann og beredskap	Status	Bruk 1-2T	Nettoramme
Radioar / utstyr	Stata	19	110
Sum Brann og beredskap		19	110
Fullføring 2023-prosjekt	Status	Bruk 1-2T	Nettoramme
Kartverk 2023	Fullført	30	30
LED-gatelys	Fullført	122	122
Veg 2022	Fullført	-150	-150

Mål for Samfunnsutvikling og drift

Plan og utvikling

- Saker skal handsamast på ein effektiv og god måte og i samsvar med dei gjeldande regelverka som kommunen forvaltar.
- Me skal overhalda dei lovbestemte fristane som gjeld for sakshandsaminga.
- Me skal tilby og utføra oppmålingstenester sjølv.
- Me vil prioritera arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Avdelinga er nokolunde ajour med sakshandsamingsfristar innan kart og byggjesak. Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel går framover, og administrasjonen har prioritert arbeid med dette i vår. Landmålar er tilsett og har starta i jobben.

Drift og vedlikehald

- Me skal levera så gode tenester som rammevilkåra tillet. Rammevilkåra er både økonomiske (kroner) og menneskelege (tid).
- Alle tenester skal som eit minimum tilfredsstilla krav sett i lov og forskrift.
- Me skal ikkje ha arbeidsulykker som fører til sjukefråvære.
- Me skal arbeida for å redusera sjukefråvær.
- Me skal kartlegga tilstanden til heile den kommunale eigedomsmassen (tilstandsanalyse), slik at me får eit grunnlag til å planleggja og prioritera naudsynt vedlikehald og nybyggsprosjekt for framtida. Vedlikehaldsetterslepet er i dag stort.
- Me skal arbeida med kunnskapsoverføring og digitalisering. I dag er det mykje kunnskap som ikkje er skriftleggjort eller systematisert, noko som til tider gjer drifta utfordrande.

Driftsavdelinga har vore underbemannata over tid, noko som medfører reduksjon i tenestene me kan tilby og vedlikehaldet som kan utførast. Spesielt vår/sommar 2024 har vore svært krevjande. Det har ikkje vore arbeidsulukker som har ført til sjukefråvær. Arbeidet med tilstandsanalyse er ferdigstilt.

VA

- Me skal levera både nok og trygt drikkevatn til alle.
- Vassleidningsnettet skal vera robust og dimensjonert med tilstrekkeleg kapasitet både for vanleg forbruk og brannvatn.
- Avlaupsnettet skal ikkje ha lekkasjar.
- Anlegga våre skal tilfredsstilla alle aktuelle krav til utslepp til ytre miljø.
- Me skal syta for at naudsynte oppgraderingar og utskiftingar vert gjort før det vert manglande kapasitet eller driftsavbrot.
- Me skal planleggja og leggja til rette for samling av avlaupsvatn og avlaupsreinsing i tråd med framtidige og forventa innskjerpa krav til utslepp.

Kommunen har store utfordringar med vassnettet, og administrasjonen arbeider med å kartleggja kva tiltak som er naudsynt å gjennomføra. Arbeid med ROS-analyse og nettmodell er ferdigstilt. Me klarer i dag ikkje å oppfylla måla om robust og riktig dimensjonert vassleidningsnett med tilstrekkeleg kapasitet eller tilstrekkeleg vassforsyning. Naudsynte oppgraderingar og utskiftingar vert ikkje gjort før det vert tilstrekkeleg kapasitet. På avlaupssida arbeider me med å planleggja for framtidig samling av avlaupsvatn for reining.

SFLMK

- Saker skal handsamast på ein effektiv og god måte og i samsvar med dei gjeldande regelverka som kommunen forvaltar.
- Me skal overhalda dei lovbestemte fristane som gjeld for sakshandsaminga.
- Me skal vera ein god samarbeidspartner for Stord kommune
- Me skal levera gode tenester til Austevoll kommune

Stord kommune har sagt opp avtalen om landbruksamarbeid, og administrasjonen arbeider med det praktiske rundt avviklinga. Me forhandlar med Austevoll kommune om ytterlegare sal av landbrukstenester.

Fitjar brann og redning

- Me skal jobba systematisk for å førebyggja brann og ulykker i kommunen, spesielt mot definerte risikogrupper
- Me skal gjennomføra risikobasert tilsynsaktivitet
- Me skal utføra beredskapsanalyse og førebyggande analyse, og desse skal ligga til grunn for vidare arbeid og prioriteringar
- Me skal jobba med kontinuerleg forbetring gjennom blant anna øvingar, evalueringar og bruk av avviksystem
- Me skal ha eit godt og oppdatert beredskapsplanverk som byggjer på oppdaterte analysar
- Me skal ha ein god og robust beredskap til å handtera alle typar hendingar
- Me skal etablere ei ordning for overordna vakt som er lovpålagd
- Me skal inneha den kompetansen som er naudsynt for å løysa oppdraget våre
- Me skal ha god oversikt og styring av kompetanse og materiell slik at kostnadar og behov for investeringar vert føreseilege og kan planleggjast
- Me skal ha eigna og tilstrekkeleg utstyr til å handtera dei aksjonane brannvesenet skal kunna handtera
- Me skal sikra god rekruttering til brannvesenet

Fitjar brann og redning hadde 21 registrerte oppdrag i andre tertial. Dette er ein liten reduksjon frå 2023 og skuldast i hovudsak ein reduksjon av tal unødige utsyr. Sju av oppdraget var helseoppdrag og tre oppdrag var bistand til helse. I andre tertial var det mellom anna trafikkulykke, båtulykke, heisstopp og restverdireddning i samband med vasslekkasje i bustad.

Det er gjennomført planlagde øvingar, samt ein del naudsynt kurs og opplæring av mannskap. Det har komme uføresette kostnader knytt til utvikling av nytt naudnett, samt feil på køyretøy og utstyr.

Risiko- og sårbarheitsanalyse, beredskapsanalyse og førebyggandeanalyse for Fitjar brann og redning skal til politisk behandling til hausten.

Feiring og tilsyn vert utført av Stord brann og redning og er utført som planlagd i perioden. Grunna manglande kapasitet i Fitjar brann og redning har det i liten grad vore utført arbeid innan førebygging og tilsyn på andre områder.

Administrasjon m.m.

2. tertial 2024				Budsjett	Nr.
Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik		
Politisk leiing	2 545	2 566	21	7 381	1
Administrasjon	12 997	13 032	35	16 328	2
Økonomisk forvaltning	-4 689	-5 821	-1 132	-13 635	3
Sum	10 853	9 777	-1 076		

Budsjettet for 2024 baserer seg på tal frå Statsbudsjettet for berekning av lønsreserven for 2024, og ein såg føre seg ein lønsvekst på 4,9 %. I kommunal sektor er ein vorte samde om ei økonomisk ramme på 5,2 %.

Dei lokale lønsforhandlingane for 2024 vart ferdig protokollert 1.oktober. Alle tilsette skal i tråd med Hovudtariffavtalen oppleve ei reell lønsauke, og forhandlingsrett for tilsette med organisasjonstilknyting. I Fitjar kommune hadde ein ved oppstart av forhandlingane ein andel ikkje-organiserte tilsette på nær 24 prosent. Dette er partane samde om at ein bør jobbe aktivt for å redusere, og i samråd har ein kome fram til eit resultat som i all hovudsak ikkje gir ikkje-organiserte ein andel av den lokale potten i kapittel 4.

Den økonomiske ramma for lønsoppgjeren i 2024 var på 5,2 prosent. Samla sett har forhandlingane resultert i ei førebels berekna lønsvekst på omlag 5,7 prosent. Det skuldast i stor grad prioritering av seniortillegg til alle tilsette over 57 år, samt styrking i form av løn til stillingar som har eit større rekrutteringsbehov enn andre. Dette gjeld til dømes sjukepleiarar og teknisk personell.

Berekna pott frå berekningsutvalet var kr. 1 463 101,- medan total kostnad for lønsforhandlingane i kap. 4 vart kr. 1 686 930,-. Det gir eit overforbruk på potten på kr. 223 829,-. Store deler av dette overforbruket skuldast fleire tilsette som i ettermiddag syntre seg å vera medlem i ein arbeidstakarorganisasjon, og i utgangspunktet låg i grunnlaget som ikkje medlem og dermed låg an til eit 0-oppgjer.

Administrasjonen sett under eitt, har per andre tertial eit meirforbruk på omlag 1 million kroner. Dette skuldast i hovudsak ei svikt i forventa inntekter. Det er ei forventning om at dette jamnar seg ut når alle flyktningane er busett.

1 Politisk leiing

Tenesteområdet har per andre tertial eit balansert forbruk. Avvika som var synt til i førre tertialrapport er i stor grad jamna ut, og det er venta at området endar i tråd med budsjett for 2024.

2 Administrasjon

Tenesteområdet syner eit balansert forbruk. Administrasjon har i periodar hatt vakant stilling som senior HR-rådgjevar, og er framleis 0,4 årsverk under budsjett på personalområdet. Grunna kjøp av konsulenttenester i tilknyting til arbeidssak, syner det eit reelt bilet av den økonomiske stoda på området. Innafor tenesteområdet har drift IKT eit mindreforbruk som skuldast periodisering av utgifter som til dømes lisensar til IKT-system. Det er venta at tenesteområdet styrer mot balanse i 2024.

3 Økonomisk forvaltning

Tenesteområdet syner ei svikt i forventa inntekter på 1,1 millionar kroner. Det skuldast at introduksjonstilskotet er lågare enn budsjettet. Når alle flyktningane er busett, vil tilskotet bli som budsjettet.

Investeringar			
2. tertial 2024			
Administrasjon	Status	Bruk 1-2T	Ramme
IKT administrasjon	Starta	373	450
Adgangssystem	Starta	229	350
Eigenkapitalinnskot KLP	Fullført	720	643
Fitjar Utvikling AS			0
Framsikt	Starta	445	350
Arkiv	Starta	346	1 500
Forskottering solcelleanlegg FKIB	Fullført	2 322	1 000
Sum Administrasjon		2 113	3 293

Kyrkj	Status	Bruk 1-2T	Nettoramme
Gravplassen	Starta		1 050
Minnelund	Ikkje starta		80
Varmestyring	Ikkje starta		100
Sum Kyrkj		0	1 230

Fullføring 2023-prosjekt	Status	Bruk 1-2T	Nettoramme
Anleggsbidrag telemast	Fullført	-13	-13

Solcelleanlegget på FKIB er ferdigstilt. Investeringsbeløpet er lån. FKIB skal tilbakebetale tilskotsbeløpet dei får, i år, og resten over dei kommande 7 åra.

Fitjar Utvikling AS er avvikla.

Kyrkj styrer sine investeringar, og vidarefakturerer kommunen etter kvart.

Mål

Digitalisering

Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparinger vert synleggjort i budsjettet.

- Digitalisering i administrasjonen vil effektivisere, løysa oppgåver på nye måtar, gje raskare sakshandsaming og lågare administrasjonskostnadar.

Arbeid pågår fortløpende, for eksempel stadig justering av interne og eksterne nettbaserte plattformar, med fokus på sjølvbetjening. Hausten 2024 har ein teke i bruk ny leiarportal for betre og meir saumlaus personellstyring. Den nye leiarportalen gjer det mogleg for leiarane å sikre ein betre og meir føreseieleg oppstartsprosess for nye tilsette, samt gjera naudsynte justeringar undervegs for sine tilsette. Leiarportalen gjer det til dømes mogleg å gi tilsette riktig tilgang til fagsystem, epost-grupper, filområder med meir.

Administrasjonen har starta arbeidet med innføring av Framsikt. Dette verktøyet koplar mellom anna rapportering, planarbeid og økonomi på ein betre måte enn slik me har det i dag.

Kompetanse

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidrarar som når måla for tenestene.

Leiarforum vert nytta som stad for kompetanseheving og erfaringsutveksling. Hittil i 2024 har leiarforumet hatt tre samlingar. Tema i desse har blant anna vore økonomistyring og repetisjon av leiarplattforma. I andre tertial har tema i leiarforum vore lokale lønsforhandlingar, endringar av rutinar og prosedyrar, informasjon om samarbeidsfora med tillitsvalde og vernetenesta samt plan for gjennomføring av medarbeidarundersøking hausten 2024.

- Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.

Det har hittil i 2024 ikkje vore systematisk arbeid med kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag, og ein vil retta merksemda mot dette arbeidet andre halvår 2024. Fitjar kommune valde i august å skifte leverandør av digital læringsplattform, og har inngått eit samarbeid med MERkompetanse. Dette er under utarbeiding, og vil bli implementert i organisasjonen i løpet av vinteren 2024/2025. Målsettinga er at tilsette skal oppleve ei trygg og god nytilsett-periode, samt at det gir allereie tilsette ein betre arena for læring og kompetanseveksling på tvers av kommunar og internt i organisasjonen.

Nærvær og sjukefråvær

- Sjukefråværet skal vera under 6 %

I fyrste tertial var sjukefråværet for administrasjon og politisk leiing 13,6 prosent, der 12,5 prosentpoeng er knytt til langtidssjukemeldingar. I andre tertial er samla sjukefråvær 3,72 prosent. Hittil i år er sjukefråværet difor 7,92 prosent, der 0,90 prosentpoeng er knytt til korttidsfråvær under 16 dagar. Tilsette som er langtidssjukmeld har oppfølging frå leiar, og ein ventar ein reduksjon i sjukefråværet i administrasjonen vidare ut året. Det vert jobba målretta med fokus på dei tilsette som er på jobb, for å unngå at nye tilsette kjem i sjukemelding.

Det er ei klar målsetting å nå målet om eit samla sjukefråvær under 6 prosent i administrasjonen.

Verbale føringar

Kommunestyret ber rådmannen komma tilbake med saker og meldingar på ulike tema knytt opp til budsjettet. Før kommunedirektøren set i gang arbeidet med sakene, skal det vera dialogmøte mellom kommunedirektøren og politisk leiing for å gå nærmere gjennom bestillinga frå kommunestyret.

Tidspunkt for kva tid sakene skal fremjast vert å avklara når kommunedirektøren set opp årshjulet for 2024.

Årshjulet vart vedteke i formannskapet 06.03.2024.

1. Fitjar kommune skal iverksette delvis fritt skulevalg fra høsten 2024. Det skal vera enklare for føresette å velge skule for borna sine. Forutsatt at det er plass på den aktuelle skulen og at de føresatte tar ekstrakostnader med skyss.

Kommunestyret handsama saka 20. juni.

2. Kommunestyret i Fitjar ser med uro på situasjonen i Fitjarskulen.

Politisk leiing meiner at framtidige prosjekt på planleggingsdagar og anna planleggingstid skal rettast inn mot dei problema skulen har. Episodar med vald og truslar skal løysast administrativt. Kvar avdelingsleiar utarbeider tiltaksplanar for korleis desse skal handsamast. Ein føreset at administrasjonen kjem tilbake til politisk leiing med rapport om stoda og evt. kostnadar med tiltak.

Kommunedirektøren la fram sak i utval for oppvekst og omsorg 17. april.

3. Kommunestyret ber utval for oppvekst og omsorg greia ut korleis ein skal nytta allereie ressursar i helsetenesta på ein god, og mest mogleg rett måte, for ei meir attraktiv og konkuransedyktig helseteneste.

4. Fitjar kommune skal snarast råd selja huset som blei kjøpt til legebolig i Havn. Huset skal leggjast ut på den opne marknaden.

Kommunedirektøren la fram sak for kommunestyret 14. Mars, kommunestyre gjorde då vedtak om at eigedomen likevel ikkje skulle seljas, jf. PS 23/24 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Eigendomen gbnr. 67/7, Gamle Havnavegen 3, vert ikkje selt.*

2. *Kommunedirektøren går i gang med prosjektering for å vurdere moglegheita for å nytte eigendomen gbnr. 67/7 til det forsterka butiltaket.*

Kommunestyre sitt vedtak må sjåast på som eit vedtak basert på premissen om at det var tidskritisk å få på plass eit tilbod, i ljós av framlegg til budsjett bør saka oppklarast vidare.

5. Kommunestyret ber om at det blir laga ein eigedomsstrategi over eigedommar og bygg/hus som Fitjar kommune eig. Dette bør gjerast i samanheng med vedlikehaldsstrategien.

Det er gjort ei analyse av vedlikehaldssituasjonen i kommunale bygg. Det er sett i gang arbeid med ein samla eigedomsstrategi. Arbeidet blir sluttført i første kvartal 2025.

6. Kommunestyret forventar at feiling av eldstader vert utført i tråd med faktisk innbetalt avgift. Bakgrunn: auka straumprisar, meir vedfyring og større risiko for pipebrann.

Sak til utval er planlagt i løpet av 4. kvartal 2024.

7. Fitjar Idrettslag får auka driftstilskuddet med kr. 130.000,-. Idrettslaget er ein god støttespelar og vi oppmodar idrettslaget om å involvera seg i drifta av E-sportssenteret som er under oppstart i FKIB.

Meldingssak om E-sportsenteret vart lagt fram i utval for oppvekst og omsorg 17. April, det er no tilsett ressurs til drift av senteret og økonomiske midlar vert overført til driftståret 2025.

Vedtaksoppfølging politiske saker

VEDTAKSOPPFØLGING

Tal på saker t.o.m. 31.08.24

	Totalt	Ferdig	Under behandling
Kommunestyret	58	44	14
Formannskapet	53	32	21
Utval for plan og miljø	27	10	17
Utval for oppvekst og omsorg	30	23	7

Me rapporterer "Ferdig" der sakene som er politisk vedtatt er iverksett, innarbeida i drift, ekspedert, eller følgt opp til eksterne aktørar.

Me rapporterer "Under behandling" når saka ikkje er ferdig / sett i verk.

For saker i plan- og miljø kan det vera vanskeleg å styra tempoet i iverksetting då ein ofte er avhengig av eksterne aktørar.

Fitjar kommune har ein liten administrasjon og ein monaleg saksproduksjon til politiske organ. Det er viktig å huske på at alle politiske saker både skal utgriast forsvarleg, utformast i dialog med aktørar i og utanfor organisasjonen, og setjast i verk i etterkant.